



**‘Enhver som tror på Jesus,
utfordres til å se Ham i et
medmenneske på flukt’**

Eyvind Skeie

Flyktninger: Les historiene til barn på flukt – Iran, Irak, Syria og Myanmar **12 – 21**

Irak: Ti år siden julen ble ringt inn for aller siste gang fra klokkene i Mosuls kirker **4 – 5**

Pakistan: Forsterker kampen mot kidnapping, tvangskonvertering og tvangsekteskap **6 – 9**





I Evin-fengselet i Teheran i Iran har Narges Mohammadi også samarbeidet med flere kristne kvinnelige samvittighetsfanger.
Foto: Shutterstock

JUBLER FOR FREDSPRISEN

Fredsprisen til den fengslede iranske aktivisten Narges Mohammadi (51) utløser glede hos Stefanusalliansens iranske partnere.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ – **Prisen er godt nytt** for alle menneskerettsaktivister fra Iran, i og utenfor landet, sier pastor «Ron» til Magasinet Stefanus.

Han satt selv tre uker i det beryktede Evin-fengselet i Teheran der Mohammadi fortsatt sitter. Pastor «Ron» ble buret inne etter at kirken han ledet, ble stengt av regimet i 2013 fordi den tok imot konvertitter. Pastor «Ron» har siden levd i eksil.

«Modig»

– Hun er en modig kvinne og er nå blitt symbolet på motstand mot regimet. Nobelprisen gir henne en enda mer fremskutt plass, sier «Ron».

Han arbeider for opplæring av ledere i iranske kirker i og utenfor Iran, gjennom Pars Theological Centre.

Fredsprisen overrekkes 10. desember, drøyt ett år etter at Mahsa Amini døde i moralpolitiets varetekt i Iran. Hun ble anklaget for å ha brukt hijaben «feil». Hennes død utløste landsomfattende demonstrasjoner for kvinners rettigheter, mot regimet. Selv kan fengslede Mohammadi ikke være til stede i Oslo for å ta imot Fredsprisen.

Narges Mohammadi har vært arrestert 13 ganger og er dømt til 31 år i fengsel for «anti-statlig propaganda». I Evin-fengselet har hun i lengre perioder vært holdt i isolat og der vært utsatt for psykologisk tortur – «hvit tortur». I 2020 skrev hun boken «White torture» om denne torturformen. Den kristne konvertitten Mary Mohammadis historie er en av 12 grufulle historier i boken.

” Vi stiller oss bak kravet om at Mohammadi straks må settes fri.

Ed Brown

Klimaopprop

I fengselet har Narges Mohammadi sittet sammen med kristne og andre kvinnelige samvittighetsfanger. Et tyvetalls kvinnelige samvittighetsfanger sendte for et års tid siden ut et tydelig opprop for å berge klimaet, omtalt i Magasinet Stefanus, utgave 4 i år. Narges Mohammadis navn stod på toppen av listen av underskrivere.

Stefanusalliansen gratulerer med Fredsprisen.

– Vi stiller oss bak kravet om at Mohammadi straks må settes fri. Det samme gjelder alle andre samvittighetsfanger, sier generalsekretær Ed Brown. ■

Utgiver:

Stefanusalliansen

Adresse:Trondheimsveien 137,
pb 6603 Rodeløkka,
0502 Oslo

post@stefanus.no

Telefon:

23 40 88 00

Ansv. redaktør:Johannes Morken
jm@stefanus.no**Redaksjon:**Hilde Skaar Vollebæk
Marianne Haugerud
Eva Frydenborg**Framsidedfoto:**Syrisk mor og barn
på flukt i eget land.
Foto: Helen Manson/
World Renew/Merath**Design:**

Von: Bendik Schøien

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri

Opplag:

16 600

Gavekonto:

3000 14 57922

VIPPS:

19013



Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon med et særskilt fokus på trosfrihet.

Synspunkter i artikler står for forfatteres og intervjuobjekters regning. Stefanusalliansens meninger kommer til uttrykk i artikler skrevet av staben.

Vi følger personopplysningsloven.

Magasinet kommer gratis sju ganger i året.

Bestill med SMS: MAGASIN til 2377 eller post@stefanus.no

Tilgjengelig som podkast. Kontakt KABB:

kabb@kabb.no

www.stefanus.no

f/stefanusalliansen

@stefanusalliansen

DET ER MØRKT NO. FINST DET LYS?

■ **Det er mange** gode grunner til å la frykta ta oss og motløysa få overtaket. Det er så ille no at eg forstår dei som tenkjer at verda for alvor vil brenna på slagmarker eller av klimaoppheting.

Vladimir Putin har i snart to år drive brutal krig mot Ukraina – ein krig mot eit naboland og også mot trusfridommen. Vi ser ingen ende på aggresjonen. Vilråra for trusfridom vert verre i store land som Kina og India. Israel slo til mot Hamas, med fryktelege sivile tap, etter at den islamistiske terrorørsla gjennomførte det verste og mest bestialske åtakket mot jødar sidan Holocaust.

I teltleir

Framleis lever folk i flyktningleirar i Syria, snart 12 år etter at borgarkrigen starta. I Irak lever fleire hundre tusen jesidiar i leirar meir enn ni år etter at IS prøvde å utrydda folket i 2014.

I Myanmar er det snart tre år sidan den brutale juntaen gjorde eit kupp og slo brutalt til mot opposisjonen, den sivile motstanden og dei etniske væpna gruppene

og starta brenning av landsbyar og kyrkjer. Kuppet har mange gløymt, det er så mange andre kriser.

Kva om framtidstrua vår ikkje held? Kva om alt no raknar?

I denne utgåva av magasinet møter du menneske som har langt større grunn til å gje opp for frykt og motløyse enn oss. Det er ti år sidan jula vart ringt inn i Mosul i Irak, men Emanuel Youkhana gjev ikkje opp håpet. I Pakistan driv modige menneske arbeid for å hjelpa den sårbare kristne minoriteten og andre minoritetar. Dei kjempar for unge jenter som blir kidnappa og tvangsgifta til eit menneske med ei anna tru.

Barn på flukt

Vi møter barn og ungdom på flukt frå Iran og på flukt i Irak, Syria og Myanmar. Tragediane går over år, men i alle historier er det håp.

Det er mørkt, men vi skal ikkje gje opp for den motlause freistinga til å gje opp. Om ikkje anna får vi læra håp av dei som lever i forfølgning og flyktningtelt. Det er betre å tenna eit lys enn å forbanna mørket. Og så får vi festa augo på det lyset og lytta til den lovsongen som gjetarane hørde den første julenatta: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!» ■



Kva om framtidstrua vår ikkje held? Kva om alt no raknar?



■ **Johannes Morken**
Redaktør

Kyrjeklokka i Maria-kyrkja i Mosul vart borte under IS då kyrkja vart til ein ruinhaug. Begge foto: Johannes Morken



HER BLIR JULA ALDRI MEIR RINGT INN

Det er ti år sidan jula blei ringt inn for aller siste gong i den irakiske storbyen Mosul. Snur Vesten ryggen til minoritetane som IS ville utrydda eller fordriva?

INTERVJU: JOHANNES MORKEN

■ **Over ni år** etter IS-tragedien i Irak har FN og fleire vestlege land slutta å støtta sivilt hjelpearbeid for dei overlevande. Kirkens Nødhjelp er ein av organisasjonane som ikkje lenger får offentlege bistandsmidlar til arbeid i det herja landet.

Emanuel Youkhana i hjelpeorganisasjonen Capni er djupt uroleg.

– Kristne er sidan 2003 blitt redusert til ein ørliten minoritet i Irak. Fleire hundre

tusen jesidiar lever i telt ni år etter at IS ville utrydda dei. Kven skal ta seg av dei? spør Youkhana. Stefanusalliansen støttar Capni. Under ei gjesting i Noreg legg Youkhana til:

– IS var ein menneskeskapt katastrofe. Ein menneskeskapt katastrofe har heilt uvisst utfall, ulikt ein naturkatastrofe som vi ofte kan reparera. Tragediane etter IS lever i folks minne i mange tiår. Kan vi forventa at jesidiane gløymer massedrapa på Sinjar?

Blodige angrep

Svært mange kristne flykta frå Irak etter den amerikanske invasjonen i 2003, frå blodige militsangrep, drap og borgarkrig som følgde. Andre kristne flytta nordover i Irak. Så kom

IS til den nordlege storbyen Mosul i juni 2014. I august storma IS inn i dei kristne byane på Ninivesletta og i jesidiområda i Sinjar. I den sjølvstyrte kurdiske regionen nord i Irak fann hundretusenar kristne, jesidiar og andre vern.

Eit IS-ultimatum tømde Mosul for kristne – det var framleis innpå 40 000 av dei – sommaren 2014. Berre nokre titals er tilbake. Det er slutt for kristent liv i Mosul.

– Kan vi forventast at kristne gløymer Mosul? Siste gongen kyrkjeklokkene ringte i Mosul var jula 2013. Det finst ikkje pengar til å byggja opp att alle kyrkjene som ligg i ruinar, og ingen kan bruka dei, seier Youkhana.

I dag bur det kristne i berre sju av Iraks 18 provinsar, og det er aktive kristne samfunn i berre tre av desse: i to provinsar som ligg i den kurdiske regionen, den tredje er på Ninivesletta. Ein god del kristne som vart jaga på flukt frå byane på Ninivesletta, har ikkje våga seg heim. Dei mange som har vendt heim, har sett store krossar på hus og landsbyportar.

Lang og krevjande historie


Kyrkja i Irak blei grunnlagt då apostelen Thomas var på veg austover og tok evangeliet heilt til India. På eitt tidspunkt var kyrkja her den største i verda. Men kristne i det som i dag er Irak, har aldri levd under ein kristen herskar – dei har levd i ulike imperium, og sidan 600-talet under ulike muslimske herskarar, påpeikar Youkhana. Forfølginga og diskrimineringa har gått i bølger.

Då Youkhana studerte i Bagdad på slutten av 1970-talet, var det store og levande kristne samfunn der. I den kyrkja han var prest i, Mar Odisho, kunne nattverden ta seks timar, og 4-500 barn var på sommarleirar.

Kyrkjesamfunnet hans – The Assyrian Church of the East – hadde seks aktive kyrkjer i Bagdad. No er tre stengde. Berre 1000 menneske er tilbake rundt dei tre kyrkjene som er opne.

” Så lenge det er kristne i Irak, er det håp.

Emanuel Youkhana



Kristne og andre religiøse minoritetar i Irak står med ryggen mot veggene. – Vi krev like rettar, ikkje privilegium, seier Emanuel Youkhana.

– Før den amerikanske invasjonen i 2003 var det 1,3 millionar kristne i Irak, vel 5 prosent av eit folketal på 24 millionar. I dag er vi kring 200 000 av 44 millionar og utgjør mindre enn 0,5 prosent.

Vil skapa håp

Youkhana og Capni gjer alt dei kan for å skapa håp – med hjelp til helse, skule, arbeidsplassar og kristent liv for unge.

– Så lenge det er kristne i Irak, er det håp, seier han.


Etter pandemien gjekk utvandringa ned. Det er blitt vanskelegare å klara seg i Vesten. No håpar Youkhana at ein tragisk brann under eit bryllaup i Qaraqosh på Ninivesletta i september – med over 150 døde – ikkje påskundar utvandringa på nytt.

I Irak står alle dei religiøse minoritetane i skvis.

– Vi krev ikkje privilegium, men like rettar. Vi kristne er ikkje forfølgde no, men vi er diskriminerte. Skulepensum har ikkje spor av 2000 års kristen historie. Kristne, jødar, jesidiar og mandearar er ikkje nemnde. Og det har lenge vore aukande islamisering av folks tankesett, seier Youkhana og legg til:

– Vestlege land som vil støtta Irak, må krevja at minoritetane blir sikra. Irak har ressursar til å bli eit godt land igjen. Men den dagen vil kanskje landet vera heilt tørt for kristne. Det må vestlege land ta inn over seg. ■

Utdanning er viktig for den kristne minoriteten, her frå skulen som Human Friends Organization driv i Lahore. Foto: Christine Gripsgård Lunga



VIL STOPPA KIDNAPPING

Hundrevis av kristne jenter og hindujenter blir kvart år bortførte, tvangskonverterte til islam og tvangsgifta med muslimske menn. Det blir ny kamp for å stogga desse overgrepa.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Human Friends Organization** (HFO) gjer eit nytt forsøk på å få lovgjevarar i Punjab-provinsen i Pakistan til å vedta ei lov mot praksisen som rammar jenter på 13-14 år. HFO går saman med andre organisasjonar for å overtyda parlamentet.

Dei krev høgare minstealder for ekteskap, til dømes 18 år, og vil innføra same minstealder for konvertering.

– Det krevst hardt arbeid på fleire frontar å få stoppa denne grufulle praksisen, seier Sobia Batool i HFO, som er Stefanusalliansens partner.

Tidlegare lobbyarbeid i Punjab førte ikkje fram. Det skjedde i hastverk, sukkar Batool.

– Mange dreiv lobbyarbeid kvar for seg og var mest opptekne av å skapa blest om seg sjølve. Lovframlegget blei stogga av islamistiske politikarar og blei aldri debattert.

Ny politisk kamp

Neste lobby-innsats blir etter valet, som truleg skjer i slutten av januar.



Mindreårige kristne jenter som kjem tilbake etter overgrep, blir ofte ikkje skikkeleg aksepterte.

Sobia Batool



Sobia Batool. Foto: HFO

– Kvinnelege leiarar og aktivistar må med i arbeidet, seier Sobia Batool.

Ho vil og ha med seg muslimske religiøse leiarar. Fleire var med i ein HFO-organisert demonstrasjon då den då 13 år gamle kristne jenta Arzoo Raja i oktober 2020 blei bortført, tvangsgifta og tvangskonvertert. HFO arbeider opp mot lokale styresmakter og politiet.

– Det er viktig at politiet er i stand til å handtera slike saker. Vi ser i dag at folk som står bak kidnappingar, forfalskar fødselsdatoar. Lokalt politi må setjast i stand til raskt å klargjera alderen på jentene og få fakta på bordet før bevisa er øydelagde og sakene blir langt vanskelegare å ta tak i. Religiøse leiarar må også seia nei til å delta i seremoniar der unge jenter blir tvangsgifta og tvangskonverterte.

– Er det mogeleg å tru på framgang?

– Ja, kvifor ikkje? Ein gong var det nærast uråd å snakka om blasfemilova. I dag reiser fleire aktørar i det muslimske samfunnet spørsmål ved blasfemilova og korleis den blir praktisert. Dersom eit samla sivilsamfunn går saman for å stoppa kidnapping, tvangskonvertering og tvangsgifting, kan vi nå fram.

Kamp mot skam

– Eit anna problem er at familiane til kristne jenter som blir bortførte og kanskje valdtekne, ikkje vil ta jentene tilbake på grunn av skam. Er det råd å snu dette?

– Du har heilt rett. Mindreårige kristne jenter som kjem tilbake etter overgrep, blir ofte ikkje skikkeleg aksepterte. Familiane trur at samfunnet ikkje vil godta jentene på grunn av skam, og dei er redde for framtida til andre døtrer. Dette må vi gjera noko med, seier Sobia Batool.

Dei planlegg komitear i lokalsamfunn for å hjelpa familiane.

– Vi vil få fram at det ikkje har noko med skam å gjera å ta imot ei mindreårig dotter som har vore offer for kidnapping, overgrep, tvangskonvertering og tvangsekteskap. Vi vil gje familiane psykososial hjelp for å takla eit slikt traume.

Jenter blir lurt

HFO vil også prøva å nå jenter som er i fare for å lata seg lura til tvangskonvertering og ekteskap – lokka med pengar, stort hus, fin bil og høgare status.

– Konvertering er i seg sjølv ikkje gale, så sant konverteringa er frivillig og basert på djup overtyding. Men jentene må først forstå sin eigen religion og vita at dei ikkje må bytta tru på grunn av utsikt til pengar eller status. Det hender at unge jenter flyktar frå sin eigen fattige kristne familie fordi dei trur dei får det betre i ein rikare familie med høgare status. Men dette er ei felle, og vi må hjelpa jentene slik at dei ikkje går i fella, seier Sobia Batool og legg til:

– Kristne jenter som blir tvangskonverterte og tvangsgifta inn i muslimske familiar, blir ofte ikkje godtekne der heller. Etter nokre år endar slike ekteskap med skilsmisse. Jentene endar på gata, i prostitusjon og menneskehandel. Dette er ein vond sirkel. Vi må arbeida på mange frontar for å stoppa ein praksis som blir brukt for å svekkja religiøse minoritetar. ■

Les neste side:

Sobia Batool er inspirert av kampen for trusfridom

Hinduistiske kvinner (biletet) og kristne kvinner kjempar mot mange av dei same problema i Pakistan. Biletet er frå ein mursteins-fabrikk. Foto: Shutterstock

Ho vil dra fleire kvinner med i kampen for trusfridom og rettane til religiøse minoritetar i Pakistan.

DREG FLEIRE KVINNER MED

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Sobia Batool frå Pakistan** «fekkk ein augeopnar» då ho i oktober deltok på ein konferanse i regi av Stefanusalliansen. Temaet var trusfridom og rettane til kvinner. Samlinga på Bali i Indonesia var for folk frå Sør-Asia.

– Det var ei storarta oppleving. Eg fekk møta mange kvinner som arbeider med kjønn og trusfridom og blei sterkt inspirert til ta dette til Pakistan, seier Sobia Batool til Magasinet Stefanus. Ho er Stefanusalliansens prosjektkontakt hos den pakistanske partnaren Human Friends Organization.

Batool legg til:

– I dag arbeider vi med svært mange mannlege religiøse leiarar her i Pakistan. På Bali var det ein



augeopnar for meg å møta til dømes ein kvinneleg imam frå Indonesia og kvinnelege aktivistar frå Sri Lanka, Bangladesh og andre land. Det endra heile tanken min om korleis vi kan arbeida for trusfridom og rettane til kvinnene side om side. Eg har aldri før sett at kampen for religionsfridom kan vera til hjelp i kampen for rettane til kvinner, heller ikkje har eg – før no – sett kor viktig det er å dra kvinner med i arbeidet.

Forfølging

Sobia Batool står midt oppe i arbeidet for å verna religiøse minoritetar i eit land der ni av ti høyrer til islam. Minoritetane kjempar hardt mot undertrykking og forfølging – det gjeld kristne, hinduar, sikhar, sjia- og ahmadiyya-muslimar. Få veker etter at Batool kom heim frå Bali, var ho sentral i gjennomføringa av den første konferansen for kvinnelege religiøse leiarar i heimlandet.

Batool vil heretter svært gjerne ha med kvinner i viktige prosessar i landet. Ein av dei viktige no er å byggja opp att relasjonar i samfunnet i Jaranwala, eit industriområde like ved Faisalabad, etter tragedien i august: Ein stor muslimsk demonstrasjon og valdeleg



Sobia Batool (i midten) under eit møte i staben i Human Friends Organization. Foto: HFO

” Eg har aldri før sett at kampen for religionsfridom kan vera til hjelp i kampen for rettane til kvinner.

Sobia Batool

mobbing brende ned kristne nabolag etter at to kristne brøyr var skulda for blasfemi. Ho ser teikn til at både den føderale regjeringa og regjeringa i provinsen Punjab no er interesserte i å prøva å skapa fred mellom religionar og verna religiøse minoritetar.

Protestar

Batool helsar velkommen reaksjonane frå folk høgt oppe i pakistansk samfunnsliv etter at kristne nabolag i Jaranwala vart brende ned etter ei blasfemiskuldning. Fleire enn før spør i dag kvifor ekstremistar brukar lova til å eggja til gatevald når folk trur at blasfemilova er broten.

Trusfridom og kjønn

- Stefanusalliansen har i 2022 og 2023 arrangert fire regionale konferansar – workshopar – om trusfridom og likestilling mellom kjønn.
- Inngår i avtalen Stefanusalliansen har med Utanriksdepartementet, med midlar derifrå.
- Jerevan, Armenia: for Kaukasus og Sentral-Asia.
- Beirut, Libanon: for Midtausten og Nord-Afrika.
- Cape Town, Sør-Afrika: for det sørlege Afrika.
- Bali, Indonesia: for Sør- og Sørøst-Asia.
- Til saman 110 deltakarar frå 43 land.
- Frå ulike religionar: kristendom, bahá'í, islam, buddhisme, hinduisme, jesidi, afrikansk spiritualitet.

– Kanskje kan ein følelse av at vi skal vera eit land med pluralisme spreia seg til den lågaste delen av samfunnet. Der er det mange som har brydd seg lite om minoritetane og som lett let seg trigga av krefter som vil eggja til hat og vald, seier Sobia Batool.

Ho er glad regjeringa i Punjab-provinsen hjelper familiane i Jaranwala på fote igjen ved å finansiera gjenoppbygging av hus og kyrkjer og seier at den vil bidra til å hindra slike tragediar igjen.

Saman med FNs utviklingsfond (UNDP) og Departementet for menneskerettar og minoritetsspørsmål i Punjab-provinsen planlegg HFO ei markering for Jaranwala på FNs menneskerettsdag, den 10. desember.

Jul i Jaranwala

Kristne i Jaranwala planlegg julegudstenester i dei kyrkjene som er gjenoppbygde etter tragedien.

HFO planlegg også eit arrangement saman med det kristne samfunnet i Jaranwala i jula.

– Kristne i Pakistan føler seg svake og redde. Arbeidet for å byggja eit nytt samfunn der kristne er trygge, blir viktig og vanskeleg, seier Sobia Batool. ■

Wikstøl og barna

Under konserten «Trygve Wikstøl synger Broder Aage – sanger, bilder og muntre fortellinger» i Skien kirke 8. oktober var det fri entré og kollekt til Stefanusbarna. Stefanusbarna er arbeidet Mama Maggie driver for fattige barn i Kairo og andre deler av Egypt. Arbeidet er støttet av Stefanusalliansen.

– Aage Samuelsen hadde et stort hjerte for de utslåtte, og Skien menighet har Stefanusbarna som sitt misjonsprosjekt, sier Wikstøl.

Midt i konserten tok Wikstøl med forsamlingen til Egypt. Gjennom fortellinger og bilder fortalte han blant annet om en dag med den lille jenta Simjane i en barnehage.

Forsamlingen ga 18.600 kroner til Stefanusbarna.



Trygve Wikstøl i Skien kirke.
Foto: Skien menighet

Søndag for de forfulgte

Mange menigheter har markert «Søndag for de forfulgte». Vi er en del av den verdensvide kirke. Det er ikke alle trossøsken som kan møtes til gudstjenester og andre fellesskap uten at de risikerer å bli forfulgt og straffet. Vi som er så heldige å få bo i et land med trosfrihet, må minnes om vårt ansvar for å be og gi støtte til arbeid i land der kristne ikke får lov til å bekjenne sin tro åpnet.

Ansatte og frivillige fra Stefanusalliansen har deltatt på en rekke gudstjenester med informasjon, bønner og prekener.



Daniel Hop-Hansen fra Stefanusalliansen i Greåker kirke.
Foto: Berit Vasdal

Huledag i Søm kirke

Fredag 20. oktober var barna på 4. trinn i Randesund i Kristiansand invitert til en hel dag i Søm kirke. Misjonsdrama, informasjon om Stefanusalliansen og Mama Maggies arbeid, film om barna på «søpelfjellet» i Kairo og noen ord på arabisk var noe av programmet.

Trygve Wikstøl fortalte gjennom sanger og aktiviteter. Det ble en flott og innholdsrik dag for 30 barn og 25 voksne.



Trygve Wikstøl hadde ivrige tilhørere i Søm kirke.
Foto: June Baarøy Myhrstad

Lysende fakler for de forfulgte

Fra slutten av oktober til begynnelsen av desember er det arrangert 22 fakkeltog for forfulgte. Fakkeltogene arrangeres av Stefanusalliansen og Åpne Dører. Temaet i år var «Uttestengt for sin tro». I Ålesund gikk cirka 300 «gjennom byens gater, og med flammer høyt hevet viste vi at våre kristne søsken ikke er glemt», melder arrangørene. I Oslo gikk 130 mennesker fra Domkirken til Stortinget der det ble holdt appeller.

I Stavanger deltok cirka 200 i fakkeltog. I Askim og Tønsberg kom det begge steder drøyt 80. I Arendal gikk om lag 300 i fakkeltog. I Kristiansand gikk cirka 250 i fakkeltog på en formiddag: «Det fungerte fint. Faklene lyste i graværet, og det var folk i gatene», forteller Tove Rustan Skaar, som representerte Stefanusalliansen. I Bergen gikk omtrent 500 i fakkeltog.

Blant de som holdt appeller under fakkeltogene var Batyr Nursen, som tidligere ble forfulgt og måtte flykte fra Turkmenistan, og Gabriel Stephen, som opprinnelig er fra Nord-Nigeria, og nå bosatt i Norge.



Det første fakkeltog ble arrangert i Oslo i 2007. I år gikk 130 i tog til Stortinget.
Foto: Johannes Morken

Innhaldsrik tur til Egypt

Ei veke i Egypt gav mange kjekke opplevingar for ei gruppe vener av Stefanusalliansen, med både pyramidar og kamelriding. Men gruppa fekk også sterke møte med egyptiske kristne.

«Hjå Stefanusbarna i den fattige bydelen Mokattam i Kairo fekk vi sjå barn og vaksne få hjelp, støtte og kunnskap, gjennom bibelhistoriar og songar, undervisning, yrkesopplæring og legehjelp», fortel Kristin Samdal og Arna Eggebø, som leia gruppa.

Dei fortel at det var sterkt å sjå spor etter terrorangrep i ei koptisk kyrkje, og å gå gjennom minnehallen for drepne kristne. «Det gjorde inntrykk å sitja side om side med egyptiske kristne i den største evangeliske kyrkja i Midtausten, Kasr El Dobra i Kairo, og delta på ei koptisk messe på retreat- og konferansestaden Anafora.»

Dei legg til: «Anafora er ein oase for koptiske kristne som opplever forfølgning og motstand, og som blir løfta opp gjennom arbeidet til biskop Thomas. Men det vart også ein oase for turdeltakarane med palmer og basseng, ro og stille og tid til ettertanke».

Olav Rønneberg fortel om eit sterkt møte med eit ektepar som arbeider blant konvertittar som opplever store og dramatiske utfordringar, og må flykte frå sine heimland. Arbeidet er støtta av Stefanusalliansen. «Vi fekk møte to som delte sine historier som vi vart djupt rørt av», fortel Rønneberg.



På Stefanus-tur til Egypt, framme frå venstre: Olav Dahle Svanholm, Bergljot Svanholm, Rebecca Holta-Konradsen, Hege Syvertsen, Synne Sandbu, Olav Mæland, Gunvor Rønneberg og Olav Rønneberg. Bak frå venstre: Arna Eggebø, Kristin Samdal, Anne Vik, Møyfrid Garborg og Anne Turid Varhaug. Foto: Shepherd Travel Egypt

Vil samle støtte i USA

Stefanusalliansen er nå registrert også i USA og vil i 2024 kartlegge hvordan organisasjonen best kan gå frem for å samle økonomisk støtte blant kristne i USA.

– Vi har sett at det vi gjør er ettertraktet av våre partnere og av mange fagfolk i en rekke land. For å bidra med mer både innenfor misjon og trosfrihet, trenger vi flere støttespillere. Vi har allerede kontakter i noen delstater i USA, sier generalsekretær Ed Brown.

Organisasjonen vil søke støtte fra enkeltpersoner, menigheter og noen store stiftelser, men ikke fra statlige myndigheter.

– Vi ønsker å kunne gjøre mer for våre trossøsken og andre som lider og undertrykkes for sin tro. Vi har ikke registrert oss i USA fordi vi er i krise, men for at det vi gjør, skal nå ut til enda flere, sier Brown.

Neste år vil bli brukt til å kartlegge hvordan kontaktnettet kan bygges ut og hvor og hvordan Stefanusalliansen kan starte innsamlingsarbeidet i USA. Generalsekretæren, som vil lede dette, ber folk som måtte ha relevante kontakter i USA, om å ta kontakt med ham.

– *Hvor stort er potensialet?*

– Potensialet kan være å samle like mye støtte som vi i dag har her i landet. Men vi vil gå forsiktig frem med lave investeringer, slik at vi kan trekke oss uten store tap dersom vi ikke lykkes. En satsing i USA skal ikke true det vi i dag har og gjør. Men vi tror og håper at vårt arbeid for trosfrihet og misjon der trosfriheten krenkes også kan appellere til deler av kristenheten i USA, sier Brown.



Generalsekretær Ed Brown.

Foto: Pål Brenne



ET BARN PÅ FLUKT

■ **For egyptiske kristne** er fortellingene om Den hellige families flukt til Egypt en sentral del av trosuniverset. Det handler ikke bare om flukten, men også om oppholdet ved Nilens bredd. Om vi ser bort fra en mulig visitt til det som i dag er Libanon, var Egypt det eneste land Jesus besøkte, ved siden av det jødiske kjerneland, det romersk okkuperte Galilea og Judea. Også Egypt var underlagt den romerske herskermakten, men lå utenfor Herodes den stores rekkevidde.

Allerede som barn må Jesus ha visst noe om en flyktnings identitet og fremmedfølelse.

*Drevet på flukt i Syria.
Foto: Helen Manson/World
Renew/Merath Lebanon*

Som ungdom og senere voksen må han ha kjent på den usikkerhet som det medfører å tilhøre en okkupert befolkning.

Har dette så noen overføringsverdi til dagens situasjon, både i Midtøsten og ellers?

Svaret må bli ja. Mennesker på flukt må kunne gjenkjenne sine liv og sine skjebner i Jesus. Det gjelder også folkegrupper og nasjoner som opplever okkupasjon og undertrykkelse. Men dette er vanskelig, ikke minst med tanke på dagens situasjon i hele Midtøsten.

Ut fra min tro, min kunnskap og mine erfaringer, sier jeg det slik:

Ethvert menneske på flukt har rett til å gjenkjenne sitt eget liv i det sårbare barnet fra Betlehem, på flukt fra trusler om forfølgelse og død.

Enhver som tror på Jesus, utfordres til å se Jesus i et medmenneske på flukt, enten det flykter fra terror eller fra trussel om krig og okkupasjon.

Det er slik det må være, også i dagens situasjon, uansett hvor vanskelig det er. ■

» Enhver som tror på Jesus, utfordres til å se Jesus i et medmenneske på flukt, enten det flykter fra terror eller fra trussel om krig og okkupasjon.



■ Tekst:
Eyvind Skeie

Velsign oss på vår vandring

Velsign oss på vår vandring mot nytt og ukjent land, gi kraft til trette føtter som går på stein og sand. Bevar den lille gutten som sover hos sin mor og snart skal bringe håpet til fattigfolk på jord.

Vær med oss på vår reise, vær du vårt lys, vår lykt, beskytt oss når vi sover så alt kan være trygt. Bevar i denne natten hvert barn som er i nød, send hjelpere til alle som mangler håp og brød.


Å, Jesus, la oss skjøne at du er en av dem som er på flukt i verden og ikke har et hjem. Du kjenner alles veier, din kjærlighet er stor! Du bærer i ditt hjerte hvert barn på denne jord.

© Eyvind Skeie.
Hentet fra «Den hellige oljen», et syngespill om flukten til Egypt, utgitt i samarbeid med Stefanusalliansen

Les om barn på flukt

På de neste seks sidene kan du møte barn på flukt i fire land – og møte hjelpere som ser Jesus i medmennesker på flukt.

BARN
PÅ FLUKT
SYRIA



I Homs i Syria får barn et trygt miljø i prosjektet «Barnevennlige steder». Foto: Merath Lebanon

TALIAS SMIL OPPFYLTE MORENS DRØM

Talia var full av bekymringer for sine foreldre som har vært flyktninger i 12 år. Så fikk Talia hjelp.

TEKST: SOPHIE NASRALLAH, HOMS I SYRIA

■ **Talia er 7 år.** Hun og en 5 år gammel bror ble født etter at foreldrene i 2012 flyktet fra den syriske borgerkrigens grusomheter. De hadde da en tre år gammel datter.

Som internt fordrevne bor familien i byen Homs, nord for Damaskus. De lever i dyp nød. Faren som skulle forsørge dem, klarer ikke å arbeide. Han lider av en alvorlig kronisk sykdom. Dessuten har han sterke traumer etter å ha mistet sine tre brødre i borgerkrigen.

Hans mentale problemer gjør at han nekter sin kone å være lenge borte huset, derfor kan heller ikke hun arbeide. Dette har gjort Talias mor nedfor og lite i stand til å følge opp de tre barna. Bestefaren til Talia og hennes to søsken er den eneste som støtter familien med litt penger. De høye medisinsregningene hindrer moren i å støtte sine barn slik hun vil.

Får venner

Talia har i mer enn ett år vært med i prosjektet «Barnevennlige steder». Her har Talia fått et sted der hun kommer vekk fra de elendige forholdene hjemme. Her kan hun bare få være barn uten å bekymre seg for hele familien.

– Det er viktig at Talia får venner, lærer nye ting og vokser psykisk og mentalt, sier moren.

I begynnelsen var Talia sky og holdt seg unna andre barn. Hun hadde ikke venner og var nedlesset av bekymring for sine foreldre. Talia ønsket ikke å være med på aktiviteter, hun slet med å kommunisere følelsene og behovene og ville alltid være alene.

Voksenlederne valgte å hjelpe Talia ved å få henne til å få øye på sine egne ferdigheter og styrker. Lederne laget aktiviteter som passet Talias evner. Talia ble med på disse aktivitetene, og snart fikk hun noen venner også. Litt etter litt ble Talia mer sosial, og hun begynte å tegne og dele det hun gjorde med klassen. Lederne fikk henne også til å uttrykke sine følelser. Nå får både hun og vennene hjelp til å håndtere stress og bli mer bevisst på å ta i bruk sine egne evner.

Stolt mor

– Jeg er ekstremt stolt av Talia og er glad for hennes framskritt og nye selvtillit og at hun skaffer seg venner, sier moren.

– Å se Talia leke, smile og le er en drøm som går i oppfyllelse. Jeg drømmer nå om at alle mine barn skal vokse opp og bli sterkere, slik Talia er blitt. Jeg drømmer om at alle tre kan få en utdanning og aldri måtte leve slik vi har måttet. ■



Jeg drømmer nå om at alle mine barn skal vokse opp og bli sterkere, slik Talia er blitt.

Talias mor

Hjelper barn på flukt i Syria

- «Barnevennlige steder» drives av den tverrkirkelige organisasjonen i Merath i Libanon.
- Stefanusalliansen støtter Merath.
- Arbeidet utføres av lokale kirker tre steder i Syria.
- Gir barn fristed fra borgerkrigen og dens følger.
- Organisert lek, læring og sosialisering.
- Bruker drama og kunst og håndverk.
- Reduserer risiko for barnearbeid, barneekteskap og seksuell utnyttelse.

BARN
PÅ FLUKT
IRAN



Amid og Sanaz med de to sønnene Danial (bak) og Benjamin på flukt i Tyrkia. Foto: Article18

VAR FIRE ÅR DA FORELDRENE BLE ARRESTERT

Danial var bare fire år da Irans hemmelige politi rett foran øynene hans arresterte foreldrene. Nå har familien i syv år vært flyktninger i Tyrkia.

TEKST: ARTICLE 18

■ **Politiagentene kom** like før jul i 2015. De ransaket hjemmet og konfiskerte alt som kunne tenkes å ha noe med kristendommen å gjøre. De tok til og med en av Daniels leker, en nisse i en snøkule: «Det er et symbol på kristendommen, og må konfiskeres!»

– Det var vondt å se min sønns frykt og tårer, sier Amid, Danials far.

Amid og kona Sanaz konverterte fra islam til kristendommen noen år tidligere. Da den

persisktalende kirken de gikk i, fikk forbud mot å ta imot konvertitter, begynte paret å holde gudstjenester hjemme. Det varte i tre og et halvt år.

Fryktet arrestasjon

De ante at de en dag kunne bli arrestert. Derfor hadde Amid og Sanaz i 2015 avlyst julesamlingen og gjemt pass og dåpsattester. De hadde også gjemt en PC med navnene på huskirkens medlemmer samt lydfiler av prekenes og lovsang. Bibler og kristne bøker var gjemt i et hjørne av hagen.

Agentene gjennomførte huset i flere timer fra klokken halv sju om morgenen, men de fant ikke noe av det som var gjemt. Men de fant tre juletrær. En av agentene sa: «Nå skal vi gi dere en lekse slik at dere heretter vil feire profeten Muhammeds fødsel!»

Amids eldre foreldre, som bodde i etasjen over, strigråt. Danial (4) gråt av redsel da foreldrene ble kjørt bort. Amid og Sanaz ble internert på hvert sitt ukjente sted. De satt i arresten i henholdsvis 18 og syv dager. De ble gjentatte ganger forhørt om kristne aktiviteter. Agentene truet dem og ville at de skulle «omvende seg tilbake til islam».

Da Sanaz endelig fikk lov til å ringe Danial, fikk hans ustoppelige gråt henne til å angre at hun ringte. Etter samtalen sa forhørslederen: «Hvor er din Jesus nå? Du hørte barnet ditt gråte!» Sanaz sa: «Jeg gjorde ikke noe vondt eller galt!» Men forhørslederen var klar: «Du forandret tankegangen til en generasjon, og du sier at du ikke gjorde noe galt!»

Truet og overvåket

Sanaz ble løslatt mot kausjon. Så ble hun innkalt igjen og fortalt at mannen bare ville bli løslatt hvis de begge signerte gjeldsbrev – løfter om å betale en ukjent person tilsvarende 200 000 dollar.

Forhørslederen truet: «Hvis du starter aktivitetene dine igjen, arresterer vi deg på nytt, og da tar vi deg til fengselet fordi gjeldsbrevene viser at du skylder mye!»

De følte seg overvåket etter løslatelsen og turte ikke engang å be hjemme.

Knappt to måneder etterpå flyktet de til Tyrkia. In absentia ble paret dømt til ett års fengsel for «propaganda mot det islamske regimet, til fordel for fiendtlige grupper». Familiene deres ble avhørt og truet med at dersom ikke Amid og Sanaz frivillig kom hjem, ville de bli hentet og «puttet i en sekk».

Amid og Sanaz har ikke vendt tilbake. Det er gått snart åtte år.

– Mange år etterpå husker Danial alle de traumatiske minnene. Han var lenge redd for at vi ikke ville komme hjem dersom vi gikk i butikken, sier Amid, som legger til at det er litt bedre nå.

Kan bli sendt i fengsel

Amid, Sanaz og Danial søkte FN om flyktningsstatus for å få asyl. De venter fortsatt på å bli intervjuet. I 2016 fikk de høre at prosessen ville ta to år.

– Men nå er det 2023. Saken vår er i hendene på det tyrkiske politiet. De har heller ikke gjort noe, sier Amid. Mange iranske flyktnings siter fast i Tyrkia.

– Asylsøkere som er kristne, er i en kritisk situasjon. Ved den minste spenning kan vi bli sendt tilbake til et land der det venter oss fengsel eller noe enda verre.

I Tyrkia kom Benjamin til verden. Han er nå på samme alder som Danial var den dagen familiens liv ble forandret for alltid.

Amid og Sanaz håper på en fremtid der barna Danial og Benjamin kan være trygge. ■



Agentene ville at de skulle omvende seg tilbake til islam.

Iranske kristne

- Organisasjonen Article 18 arbeider for iranske kristne.
- Støttes av Stefanusalliansen.
- Arbeider fra London.
- Les mer: www.articleeighteen.com

BARN
PÅ FLUKT
IRAK



Rondek drømmer om å bli fotballproff.

NI BARNEÅR I ET TELT AV PLAST

Hun og familien måtte for ni år siden flykte for livet da IS ville utrydde jesidiene. Siden har de bodd i telt.

TEKST OG FOTO: ANNE MARKEN GIHLEMOEN, NORD-IRAK

■ **Rondek er 13 år.** Hun bor i et hvitt plasttelt i en flyktningeleir i den selvstyrte kurdiske regionen i Nord-Irak. Hun var fire år da hun kom hit. Hva som skjedde før det, vil hun ikke snakke om. Det kan man godt forstå, for historien er ingen nostalgisk barndomsfortelling, men en om grusom forfølgelse. Om drap, kidnapping og slaveri. Kanskje først om 2000 år vil noen gjengi fortellingen med andakt og høytid i stemmen. Om stjernehimme og

mirakler på flukt gjennom et ørkenlandskap i Midtøsten med keiserens hær i helene. Men akkurat nå er den kun et traume.

Dem IS ville utrydde

Rondek er jesidi. Du kan ikke bli en jesidi. Du må være født jesidi. De er et vakkert og stolt folk. Men opp gjennom historien er de ofte blitt anklaget for å være djeveldyrkere, fryktet og utskjelt. Derfor er de også blitt forfulgt. Igjen og igjen. Og i 2014 forsøkte IS å utrydde dem for godt.

Brutalt la IS landsby etter landsby i grus i Sinjar lengre vest i Irak. IS skjøt mennene. De kidnappet småguttene og gjorde dem til barnesoldater. Kvinner og jenter ble solgt som slaver. Vi vet ikke om moren til Rondek var en av dem som ble solgt som slave på markedet. Kanskje med Rondek på armen. Vi vet ikke hva fire år gamle Rondek så av overgrep, død og grusomheter.

Men Rondek skal få slippe å fortelle. Hun skal få fortelle oss om livet her og nå: som ei 13 år gammel jente i en flyktningleir i 2023. Hun er flyktning i sitt eget land og kan ikke flytte tilbake til landsbyen sin. Myndighetene, FN og de andre store organisasjonene sier det er trygt, så det kommer ingen nødhjelp inn i leiren der hun bor lenger.

Ikke trygt

Men Sinjar er på ingen måte trygt: En del har tatt sjansen på å vende hjem. Men om Rondek og familien skulle flytte tilbake dit vil de ikke ha tilgang på vann, elektrisitet, skole eller ordentlig sykehus. Dessuten har de fleste husene forfalt til det ubeboelige, eller er bombet i stykker. Og det er ikke fred. I fjellene rundt skjuler fortsatt ulike militante grupper seg. Rondeks landsby ligger midt i skuddlinjen.

I leiren må Rondek bo, og ingen vet hvor lenge.

I teltet bor elleve mennesker. To mødre, en pappa og åtte barn mellom 8 og 19 år. Så når Rondek er ferdig på skolen på ettermiddagen, går hun ikke hjem. Hun saumfarer leiren etter noen å spille volleyball, basketball eller aller helst fotball med. Og Rondek er skikkelig god.

Det er ikke så vanlig for jenter å spille med guttene. Men Rondek bryr seg ikke om det. For henne handler det ikke om hvem hun spiller med, så lenge hun får spille.

Drømmer

– *Hva slags drømmer har du som er et flyktningbarn, for fremtiden?*

Rondek forstår ikke spørsmålet. Drømmer? Framtid? Det er uforståelige begreper når hele oppveksten har vært i ventemodus. Som å sitte på et glissent venteværelse du ikke kan komme deg ut fra. Du må bare vente til en eller annen sier at «nå er det din tur». I mellomtiden må hun og mange andre bare gjøre det beste ut av det. Som å spille fotball. Men når det blir hennes tur, hva ønsker hun skal skje da?

- At jeg kommer meg ut av denne leiren, svarer hun.
- *Og hva skal du gjøre da?*
- Spille fotball, smiler hun. – Jeg vil bli proff. ■



I teltet bor elleve mennesker.

Hjelp til jesidier

- Mer enn 200 000 jesidier bor fortsatt i leire for internt fordrevne etter folkemordet i 2014.
- Den evangeliske organisasjonen Zahlal Life hjelper jesidier, blant andre Rondek. Støttes av Stefanusalliansen
- Også Capni, som Stefanusalliansen støtter, hjelper jesidier.

BARN
PÅ FLUKT
MYANMAR



Saw Markalosay skildrer livet på flukt



Familier på flukt fra juntaen får mat fra Stefanusalliansens partner. Alle foto: Stefanusalliansens partner

FLUKT FRA JUNTAENS BOMBER

Jeg har gjort lekser til lyden av skudd og eksplosjoner. Jeg vet at min Gud aldri vil forlate meg.

TEKST: SAW MARKALOSAY, YANGON, MYANMAR

■ **Mitt navn er** Saw Markalosay, og jeg er 19 år gammel. Jeg vokste opp på et barnehjem. Der bodde jeg i over 10 år, og der var jeg lykkelig.

Så kom pandemien i 2020 og militærkuppet i 2021. Jeg ble flyktning i fjellene. Der måtte alle bygge sine egne telt og slå leir, men ved Guds nåde fikk vi bo i et stort telt bygget med tre. Det fantes lite vann, så vi måtte hente vann lengre nede i fjellet.

Skyting

Skyting og granateksplosjoner gjorde nettene til et mareritt. Vi gjorde lekser til lyden av skudd og eksplosjoner.

Da landsbyene rundt oss ble en slagmark, kom innbyggerne til oss som flyktninger. Med flere og flere flyktninger ble det enda vanskeligere å finne vann. Maten ble knapp. Vi måtte flytte igjen. Men der vi var ment å slå leir, var det tusenvis av soldater, så vi måtte dra videre. Etter tre måneder i en landsby bad Karenni Baptist Association oss om å gå til Taung Nyu, av hensyn til barnas og ungdommenes sikkerhet.

På veien måtte vi passere et av hærens mange sjekkpunkt. De kontrollerte passene til alle. Jeg hadde ikke noe pass. Jeg ble redd og ba til Gud. Ved Guds barmhjertighet kom jeg meg trygt gjennom. Støttespillere og familiemedlemmer ga oss mat.

Beskyttelse

En dag bestemte de eldste seg for å sende barna og ungdommene til storbyen Yangon for å gå på skole. Det var lite å leve av i leiren, som ble overfylt av flyktninger. Av Guds nåde har vi fått et sted å bo. Jeg har fått kunnskap og fått lære om tro.

Jeg vet at Gud har beskyttet meg og vil velsigne meg og aldri forlate meg. Jeg vet det fordi Han sa det. ■

» Skyting og granateksplosjoner gjorde nettene til et mareritt.

Saw Markalosay

Unge i Myanmar

- Historiene er fra unge som får hjelp gjennom Stefanusalliansens partner.
- Av sikkerhetsgrunner bruker vi ikke navn på partner.
- Navnene i historiene er ikke de unges ekte navn.



Naw Deborah Htoo skildrer livet på flukt.

Da vi en dag var samlet for å be, så vi militærflyene over hodene våre.

Naw Deborah Htoo

JEG VIL FORANDRE LANDSBYEN MIN

Jeg flyktet med jagerfly over hodet. Nå vil jeg forandre landsbyen min, med håp og tro, skriver ei ung jente som er drevet på flukt i sitt eget land, Myanmar.

TEKST: NAW DEBORAH HTOO, YANGON, MYANMAR

■ **Mitt navn er** Naw Deborah Htoo. Jeg er foreldreløs. Jeg vokste opp i Kayah-delstaten i Myanmar. Jeg vil fortelle hvordan jeg kom meg gjennom mine vanskeligheter.

Tre måneder etter militærkuppet i februar 2021 kom hæren til Demoso, byen der jeg bodde. Jeg ble livredd og dro hjem til min egen landsby. Frykten fylte hodet slik at jeg ikke fikk sove. Neste dag måtte vi flykte

på nytt. Vi løp til fjells, i frykt og uvisshet. Maten var elendig.

I nød

I nød satte vi vårt håp til Gud. Etter to dager i fjellet kom jeg til flyktningleiren Yusa Moso. Det var noen fulle folk i leiren, jeg ble redd for dem. Maten var slett ikke bra. Vi fikk bare ris og et kokt egg, og noen ganger kokte de bare en høne med litt salt i vannet. Det var hundrevis av mennesker i leiren. Jeg bad takkebønnen og spiste med takk i min sjel.

Da vi en dag var samlet for å be, kom militærflyene rett over hodene våre. Jeg ba til Gud om beskyttelse. Samme natt ble det sluppet bomber rundt leiren. Dagen etter løp en forræder fra leiren. Jeg var redd, men jeg vet at min frelser alltid vil lede meg gjennom trengsler, slik Han lovet, og som Han har gjort.

Vi måtte flykte til en annen landsby. Der har hæren gått inn og ut. Da jeg så soldatene, ble jeg sjokkert. Vi flyttet på nytt. Landsbyen Wathaw Ko var ikke så ille som Yusa Moso-leiren. Jeg fikk nok ris å spise. Men det var lite vann, og for å dusje, måtte jeg spørre i nabohuset. Innbyggerne i landsbyen hadde selv rømt på grunn av hæren, og nå måtte vi som var på flukt, søke beskyttelse der.

Fikk mening med livet

Jeg så ikke noen mening med livet. Men her ga Gud meg en mening, et spor å følge. Jeg ønsker nå å gi en hjelpende hånd til andre med de samme vanskelighetene som jeg har vært gjennom. Jeg vil bli en leder som kan hjelpe folket mitt. Jeg vil gjøre gråt og nødrom om til latter. Jeg vil at min hjemstat skal bli kjent som et fredelig sted og ikke en krigssone. Jeg vil forandre landsbyen min. Jeg vil gjøre det med håp og tro i min sjel. ■



Keshab Acharya leier denne kyrkja. No må han i fengsel. Foto: Privat

PASTOR MÅ I FENGSEL

Nepal: Junu Acharya og dei to sønene på 6 og 4 år gruar seg til ektemann og far blir fengsla i eitt år.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Høgsterett dømte** 6. oktober pastor Keshab Acharya til eitt års fengsel for brot på forbodet mot konvertering og for å ha «opprørt religiøse kjensler».

– Dessverre tapte vi saka, eg må i fengsel i eitt år. Eg er uskuldig. Eg har aldri pressa eller tvinga nokon til tru, seier pastoren.

– Vi har det ille. Vi er lei oss. Mannen min er uskuldig og er behandla urettferdig. Be for oss og hjelp oss, seier kona hans, Junu Acharya, til Magasinet Stefanus. Sønene Kenan er 6 år og Jermy er 4 år.

Pastor Acharya delte ut traktatar om kristen tru. Han vart opphavelig dømt til to års fengsel, men straffa vart i fjor redusert til eitt år bak murane, og som no er stadfesta i høgsterett.

Grunnlova frå 2015 slår fast at det skal vera trusfri-dom, men vernar likevel hinduismen. I straffelova er det eit kategorisk forbod mot konvertering og ein blasfemiparagraf som forbyr å «opprøra religiøse kjensler». Dommen mot Acharya er den aller første etter desse paragrafane.

Acharya fortel i midten av november at han enno ikkje er kalla inn til soning.

– Dommen kastar lys over den bekymringsfulle retninga Nepal tek, ved å undertrykkja religiøse minoritetar og individ med ei anna tru enn hinduismen, seier BP Khanal. Han er pastor og koordinerer saker der folk i kyrkjer får problem med politi og rettsvesen.

– Ei stor og viktig rettssak er no tapt. No har vi berre Herren Gud, Den allmektige, å stola på. Keshab er framleis saman med familien. Be for han, familien og for kyrkja i Nepal, seier BP Khanal. ■

Les meir: På våre nettsider finn du meir om begge desse sakene. www.stefanus.no

ARRESTERT – FRI MOT KAUSJON



Foreldre og barn lever nå i skjul. Foto: HFO

■ **En domstol** i Lahore i Pakistan har mot kausjon satt fri et kristent ektepar som ble arrestert på blasfemi-anklager, som Magasinet Stefanus fortalte i forrige nummer. Shaukat Masih og kona Kiran Shaukat ble siktet etter blasfemiparagraf 295-B i straffeloven. En muslimsk nabo anklaget dem for å ha kastet revne sider av Koranen fra taket av huset de bodde i. Paragrafen har obligatorisk livstidsdom for de som dømmes skyldige.

Familien har det bra, opplyser Sajid Christopher i Human Friends Organization (HFO), som Stefanusalliansen støtter. HFO har bistått familien.

– Familien bor nå i et beskyttelseshus på hemmelig adresse. Slik situasjonen er, har de ingen planer om å vende hjem til det huset der de tidligere leide ett rom, sier Christopher.

Magasinet Stefanus skrev i utgave 4 i år at ankesaken i dødsdommen mot firebarnsfaren Asif Pervaiz skulle opp for retten i juni. Saken ble utsatt på ubestemt tid. Asif Pervaiz og familien venter på ny dato.. ■

Vil du være med å **be** for mennesker som blir forfulgt for sin tro?



Som BØNNEVENN mottar du ukentlig bønnebehov fra mennesker som forfølges for sin tro. Bønnebehovene får du tilsendt på e-post. Bli med å løft enkeltmennesker opp framfor Gud i bønn.

Du kan enkelt melde deg som BØNNEVENN på be.stefanus.no/be eller skann QR-koden med ditt mobilkamera, klikk på lenken og bli med:





Agurkblomst. Grønnsaker gir god inntekt til landsbyen.

KRISTNE VIL IKKE FORLATE SITT IRAKISKE HJEM, MEN DE TRENGER HÅP



Begge foto: Sindre Røyland

Vann og strøm var gnisten som skulle til for at Wasim tok tak i landsbyen sin og sa:

«Her hører jeg, mitt folk og min kristne tro til.

Her vil jeg bygge min framtid!»

I Irak er det tydelig at når håp og motløshet står i en konstant kamp, så er det **mulig å hjelpe håpet litt**.

Gaveeksempler:



Innlagt vann til en familie:
Kr 1300,-



Lys til et hjem:
Kr 560,-



Yrkesutdanning én uke:
Kr 340,-

Det er vanskelig å se håp når du ikke har arbeid, mat og klær til familien.

Etter århundrer med forfølgelse og diskriminering mangler kristne i Irak ofte det helt grunnleggende. **Vi har fått høre om kristne landsbyer uten strøm, der villhunder har tatt barn i bekmørket om kvelden. CAPNI legger opp strøm i landsby etter landsby. I noen landsbyer må mennesker gå timevis etter vann. CAPNI borer brønner. Og de driver yrkesopplæring og skaper arbeidsplasser.** Det gir mat og klær til familier – og verdighet og en framtid. Irak har ressurssterke kristne ungdommer og voksne, utestengt fra goder og arbeid på grunn av diskriminering. **Håpet i dem kan tennes, men de trenger en gnist.**

Gnisten til håp er: Vann, strøm og arbeid.

Vil du hjelpe håpet litt med en dypt verdsatt julegave?

v:pps #19013 merk: HÅP

Ved å gi en gave godtar du Stefanusalliansens personvernerklæring: stefanus.no/gi-gave/personvern/